



Notat

Dato: 11.05.2016
Arkivsak: 2014/230-98
Saksbehandlar: inggase

Til: Matti Torgersen

Frå: Inger Lena Gåsemyr, Heidi Handeland, David Aasen Sandved

Kulturminnefagleg innspel til høyring av KVU logistikknutepunkt Bergensregionen

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Haukås

Innanfor føreslått lokalisering er det kjent eitt automatisk freda kulturminne med Askeladden-id 114265. Delar av det øvrige arealet har eit visst potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne, og ein må rekne med krav om arkeologisk registrering etter § 9 i kulturminnelova i samband med eventuell planprosess i dette området.

Samla sett har *Haukåsalternativet lite til middels konfliktpotensiale* med kulturminne av nasjonal og regional verdi.

Espeland

Foreslått lokalisering av jarnbaneterminal er i direkte konflikt med gamle Vossebanen, som er under freding (meldt oppstart 22.01.14). Delar av den gamle jernbanelina må takast bort, eller erstattas med ny line ved realisering av godsterminal på denne lokaliteten. Ny terminal på Espeland vil òg ha vesentleg nærføring til Janus-fabrikken, som er eit teknisk-industrielt kulturminne av regional verdi. Det er per i dag ikkje kjent automatisk freda kulturminne i areal føreslått til ny godsterminal på Espeland. Delar av arealet har potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne, og ein må rekne med krav om arkeologisk registrering etter § 9 i kulturminnelova i samband med eventuell planprosess i dette området.

Samla sett har *Espelandalternativet stort konfliktpotensiale* med kulturminne av nasjonal og regional verdi.

Unneland

På Unneland er det kjent krigsminne av nasjonal interesse og kulturlandskap av regional verdi. Arealet ligg nær den freda Espeland fangeleir (Askeladden-id 174914). Eventuell ny godsterminal er ikkje i direkte konflikt med id 174914, men det ligg øvrige krigsminne innanfor areal for ny terminal. Krigsminna i området bør sjåast i samanheng. Vidare har jordbrukslandskapet i området regional verdi som kulturlandskap. Det er per i dag ikkje kjent automatisk freda kulturminne i areal føreslått til ny godsterminal på Unneland. Delar av arealet har potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne, og ein må rekne med krav om arkeologisk registrering etter § 9 i kulturminnelova i samband med eventuell planprosess i dette området.

Samla sett har *Unnelandalternativet middels til stort konfliktpotensiale* med kulturminne av nasjonal og regional verdi.

Rådal

Rådalalternativet ligg i nærføring til den freda Stend hovedgård (Askeladden-id 87181). I omgjevnadene til lystgården er det kjent ei rekke automatisk freda kulturminne fra eldre steinalder og fram til nyare tid, herunder øg krigsminne. Kulturmiljøet på Stend har stor tidsdjupne og er av nasjonal verdi.

Det er per i dag ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i areal føreslått til ny godsterminal i Rådal. Delar av arealet har potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne, og ein må rekne med krav om arkeologisk registrering etter § 9 i kulturminnelova i samband med eventuell planprosess i dette området.

Nærleiken til Stend hovudgård med omgjevnader vil krevje god tilpassing av nye tiltak knyt til jarnbaneterminalen, samt avbøtande tiltak, for å unngå uheldig påverknad på kulturmiljøet på Stend.

Samla sett har *Rådalalternativet middels konfliktpotensiale med kulturminne av nasjonal og regional verdi.*

Konklusjon

Som regional kulturminnemynde kan vi tilrå at Haukåsalternativet vert utgreia vidare. Rådalalternativet vil krevje god tilpassing av nye tiltak, samt avbøtande tiltak, for å unngå uheldig påverknad på kulturmiljøet på Stend. På grunn av potensiale for konflikt med kulturminne av nasjonal og regional verdi, vil vi rå i frå vidare planlegging av ny jarnbaneterminal på Espeland og Unneland.

Kopi til:

Heidi Handeland